



Referat

Styremøte 21. mars 2017 Thon Hotel Oslo Airport - Jessheim

--

Til stades: Harald Lie, Bodil Mannsverk, Finn Egil Adolfsen, Aud Fossøy, Tor Inge Eidesen og Linda Kristin Oppedal. Til sak 26/17 var Marianne Hagen Lie og Einar Åbergsjord til stades.

Frå Administrasjonen: Frode Alfarnes og Romar Skeie Olsen.

Sakliste:

Sak 17/17 **Godkjenning av protokoll frå sist styremøte**

Vedtak

Protokoll frå sist styremøte er godkjent.

Sak 18/17 **Open post**

Finnmark Landbruksrådgiving er blitt ein underavdeling av Landbruk Nord.

Sak 19/17 **Årsmøtet**

A. Fordeling av arbeidsoppgåver

1. Opning v/styroleiar
2. Godkjenning av innkalling og sakliste v/møteleiar
3. Val av skrivar og to til å skrive under møteboka v/møteleiar
4. Namneopp, - eventuelle fullmakter v/møteleiar
5. Årsmelding v/nestleiar
6. Rekneskap v/dagleg leiar
Revisjonsmelding v/Aud Fossøy
7. Fastsetjing av kontingent v/Tor Inge Eidesen
8. Arbeidsplan, v/Finn Egil Adolfsen
9. Budsjett til orientering v/Tor Inge Eidesen
10. Val etter vedtektene v/valnemnd

B. Innlegg ved Solveig Bratteng Rønning kl. 16:00.

C. Kåring av årets lag under middagen.

D. Gjennomgang av materiell som skal brukast på årsmøte.

E. Evt møte med møteleiar, og leiar av valnemnda.

F. Festmiddag.

G. Diverse.

Vedtak

Styret tek saka til etterretning.



Sak 20/17 **Rekneskap per 28. februar 2017**
Frode Alfarnes gjekk gjennom rekneskapen.

Vedtak

Rekneskap per 28. februar 2017 er teke til etterretning.

Sak 21/17 **Medlemskap Norsk Landbrukssamvirke**
Harald Lie gjekk gjennom svaret frå Norsk Landbrukssamvirke.

Etterpå vart eit eventuelt medlemsskap diskutert.

Norsk Landbrukssamvirke (NL) representerar «heile landbruksfamilien» og det kan heilt klart vera positivt for NLT å vera under samvirkeparaplyen. Vår deltaking i andre organisasjonar gjer NLT meir kjent, dette vil nok gjelde om vi går inn i NL også. Verdien av samvirketanken er viktig å få fram, og viktig ute i medlemslaga.

Vedtak

NLT søker medlemsskap i Norsk Landbrukssamvirke

Sak 22/17 **Godkjenning og utbetaling av faktura**
Dagleg leiar både godkjenner og utfører betaling av faktura. Revisor ønskjer at ordninga er godkjent i styret og vil ha eit vedtak på dette.

Vedtak

Styret godkjenner at det er dagleg leiar som både godkjenner og utfører betaling av faktura i NLT.

Sak 23/17 **Orienteringssaker**
A. Landbruksmelding
Innstillinga frå Næringskomiteen til landbruksmeldinga skulle vera klar, 7. mars, deretter 14. mars og så 23. mars. Stortinget skal etter planen handsama saka den 28. mars.

B. Strategisk plan

Finn Egil Adolfsen orienterte om framdrift til no.

«Slagord» for prosessen er «Framtid»

F - Forstå

R - Realistisk

A - Aksept

M - Mål

T - Tidshorisont

I - Inkludere

D - Driv

Plan for vidare arbeid:

Oppmoda styrene i medlemslaga om å engasjera seg i strategiprosessen. Eige styremøte med fokus på strategiplan i april, samt eige strategikurs/samling på vårsamlinga.



C. Administrasjonshandbok

Frode Alfarnes orienterte.

Tek ein evaluering og ser gjennom kva som manglar og må på plass.

Ta kontakt med Helgeland Landbrukstjenester om dokument om sjukdom/smitte.

D. Møte om AFP

Frode Alfarnes orienterte.

NLT var invitert til å delta i eit panel der AFP-ordninga i privat sektor skulle diskuteras. Eit av krava for å delta var at vi og kunne stille med ein tilsette representant frå medlemslaga som var organisert.

Vedtak

Styret tar sakene til orientering

Sak 24/17

Referatsaker

A. Møter med avtalepartane - jordbruksforhandlingar

Frode Alfarnes refererte.

Harald Lie, Aud Fossøy og Frode Alfarnes har hatt møte med departement/direktorat og begge faglaga for å kome med våre innspel til jordbruksforhandlingane. Gode møter der vi fekk fremja våre innspel.

B. Samarbeidsmøte NHO Mat og Drikke

Frode Alfarnes refererte.

Diskuterte samarbeid og planla kursopplegg for 2017.

C. Årsmøte i Time Avløysarlag

Frode Alfarnes refererte.

NLT ved dagleg leiar, var invitert til årsmøtet og informere om utfordringane i framtida, samt landbruksmeldinga.

D. Krinsmøte Landbrukstjenester Folgefonna

Frode Alfarnes refererte.

Informerte om landbruksmeldinga.

E. Styremøte NHO Mat og Drikke

Harald Lie refererte.

Det vart diskutert ein heil del om skog og bionæringa si framtid.

Intensjonsavtale om sunnare kosthald er offentleggjort.

Rekneskap og årsmelding vart gjennomgått før Generalforsamling 26. april.

F. Månedleg møte med landbruksvikarane

Finn Egil Adolfsen har delteke på møte som landbruksvikarar og

administrasjonen i Innherad Landbrukstjenester har jamnleg. Godt møte der landbruksvikarane t.d. fekk diskutert problemstillingar i kvardagen

G. Årsmøte i Sogn og Fjordane Bondelag

Linda Kristin Oppedal representerte NLT på møtet. Det var eit engasjert og aktivt årsmøte.

Vedtak

Styret tar referata til orientering



Sak 25/17

Eventuelt

Representasjon:

Årsmøte Samvirkesenteret 1.6. på Thon Hotel Opera. Finn Egil Adolfsen stiller for NLT.

Tariffkonferanse 19.4. i Næringslivets Hus. Frode Alfarne eller Tor Inge Eidesen stiller for NLT.

Sak 26/17

Møteplan

- | | |
|-----------------------|--|
| 24.-25. april | - Styremøte med heile styret inkludert vara. |
| 22.-24. mai | - Vårsamling. |
| 15.-18. september | - Styretur med styremøte 17. september. |
| 30. okt.-01. november | - Haustsamling. |
| 05.-06. desember | - Styremøte. |
| 06.-07. februar | - Styremøte. |

Årsmøte: Veka før eller veka etter påske. Sjekk opp kor tid NLR har årsmøte.

Referent: Romar Skeie Olsen
